



Sogn og Fjordane Fylkeskommune
Askedalen 2
6863 LEIKANGER

Vår referanse
14/13 - JP 14/10161

Dykkar referanse

Saksansvarleg – telefon (saksbehandlar)
Hallvard Oppedal - 57 78 20 02 (HHO)

Dato
16.12.2014

Oppfølging av vedtak om omklassifisering av delar av Fv. 4 til kommunal veg.

Viser til vedtak den 15.02.2012 i hovudutval for samferdsle, brev herifrå den 28.11.2013, møte hjå dykk den 28. april og svar frå dykk dagsett den 31.10.2014 ang. nedklassifiseringa av Fv. 4 frå Ånneland til Skipavika.

Vi ynskjer med dette at det vert teken ei ny vurdering på av denne vegen, då vi meiner at vegen kvalifiserer til å vere Fylkesveg.

Grunnen er at det i 2013 vart starta opp mykje aktivitet på Skipavika. Skipavika Næringspark AS har etablert seg med bygging av 3 kaier og to aktørar er no i gong med å etablere næringsbygg på området. Desse er venta å stå ferdige på vårparten 2015. Dette vil gje auka trafikk på vegen, og mykje av dette er tungtrafikk.

Det er eit stort ynskje frå kommunen og Skipavika Næringspark AS om ny sambindingsveg på vestsida av Sandøyna mot Brandangersundbrua. Det vil føre anleggstrafikken bort frå busetnaden på Sandøy. I tillegg vil ein ny veg korte inn vegen frå Skipavika mot Sløvågområdet og fergekaia der med ca. 5,5 km. Den nye vegen vert i overkant av 2 km. i lengde.

Grunnen til at det har drege ut med søknaden herifrå er at det er starta opp arbeid med reguleringsplan på vegen, og vi hadde håpa å få den ferdig slik at vi kunne sende den med i søknaden. Men no sender vi inn søknad om framtidig fylkesveg på strekninga, og så ynskjer vi ein dialog med Fylkeskommunen vidare for å finne gode løysingar for veg fram til Skipavika.

Dersom vi kan finne gode løysingar for ny veg, har ikkje kommunen noko i mot at vegen Ånneland Skipavika vert nedklassifisert til kommunal veg.

Med helsing

Hallvard Oppedal
Ordførar

Dette brevet er godkjent elektronisk i Gulen kommune og har derfor ingen signatur.

